

## **Ord og uttrykk frå Frafjord**

Orda og utrykka nedanfor er samla inn dei siste 70 åra Frafjord, Gjesdal kommune. Nokre av orda er sjølv sagt ikkje særeigne for Frafjord og finst nok både i Bjerkreim, Ryfylke, på Jæren og sikkert også i Stavanger. Enkelte ord som er kome med på lista kan og vera import, men det er neppe mange. I sum gir kanskje denne lista likevel eit inntrykk av ein lokal ordbruk som forsvinn meir og meir. Mange av orda er nok ukjende for den generasjonen som veks opp no.

Det har ikkje vore så lett å laga ein god inndeling av orda, mellom anna fordi nokre ord berre finst i bestemte utrykk. Det er heller ikkje så lett å skilja mellom adjektiv og adverb.

Dei viktigaste informantane har vore Peder T. Haaland f. 1872, Mikal Haaland, f. 1899, Peder P. Haaland f. 1904, Dagny Haaland f. 1908, Signy Haaland f. 1908 og Dagfinn Haaland f. 1914. Andre, yngre folk har og kome med gode innspel, mellom dei Gerhard Frafjord, Harald Kommedal, Kjell Haaland, Tone Marit, Per Kåre, Bjørg Tove, Geir Tore og Heidi - alle Haaland.

Denne lista er ikkje ferdig. Dersom du har framlegg til ord eller uttrykk som bør førast opp - ta kontakt ! Det er enkelt å utvida lista - eller å justera ho dersom her er feil.

Stavanger 20. november 2019  
Oppdatert 26. oktober 2020

Per Terje Haaland

ORD	ORDKLASSE	TYDING
abal	s, m	epletre
agale	adj	trøttande
'adl	s, m	kjernevæd
alur	s, m	bråk
altererte	adj	oppissa, oppkava
anfødes	adv	I same seng, kvar sin veg
an hilt føre		han meinte
anpløy	adv	overaktiv, uroleg (i anpløy)
ant	best	nr. 2 (ant beste, ant sist)
annige	adj	utålmodig
asjele	adv	adskilleg
badla	s,f	tobakkspung
badle	adv	tungvindt, ugreitt
badlen	adj	rotete
bal'bera	v	barbere
bala	v	streva, arbeida hardt
basje	adv	vanskeleg, utfordrande
bastatau	s, n	tau fletta av lindebast
bekta	v	lyden av sau, seia bæ
bere meg!	int	utrop, forskrekkelse (å bere meg !)
besetud	s,m	sladrehank
besa	v	sladra
besna	v	bli betre
bidlå	s, f	tolmod (eg har ikkje bidlå ..)
binauden	adj	svært dum/frekk/
biringe, biringt	adv	svært dårlig (person eller situasjon)
bjutibatt	s, n	The Beauty of Bath (eplesort)
blikra	v	blidgjera, skrøyda
bork	s, m	bark, never
bort i veggjene		mykje
bodda	s, f	bunke
bådn	s, pl	barn (segmentering)
bôgtre	s,n	tilhører hestasele
boj	s,pl	dyr, buskap

<b>bløra</b>	s, f	blemme
<b>bolle</b>	s, m	kul
<b>bommen</b>	s, pl	balleik
<b>bort</b>	s, pl.	einstape (bregne)
<b>bårt i hampen</b>	adv	heilt urimeleg, tullete
<b>boxskeis</b>	s,m	skavhøvel
<b>botte</b>	s,m	kort vedstokk
<b>braffa</b>	s, f	høgrøysta, stort kinnfolk
<b>brann</b>	s,m	kort tømmerstokk
<b>branne</b>	s,m	stor, kraftig kar
<b>bres(s)a</b>	s, f	stort kinnfolk
<b>bre:kta</b>	v	seia bæ (sau)
<b>brolt/brolten</b>	s, m/adj	uvøren kar
<b>brudle</b>	s, n	minnesteinar over fjellet
<b>bypilt</b>	s,m	ein frå byen
<b>bråd</b>	s, n	bakkekant (aust i brådet)
<b>bråd</b>	s, n	kraftig trestokk til steinarbeid
<b>bussefant</b>	s, m	inntørka snått
<b>bøle</b>	s, n	Hi, bol
<b>'bøse</b>	adj	sint
<b>bøsen</b>	adj	karsleg
<b>dass</b>	s, m	do, utedo
<b>defar</b>	int	mildt utrop, søren og !
<b>det lie te kvelds</b>		det går mot kveld
<b>det mona nå lidevetta !</b>		det hjelpte nå litt!
<b>det va me nauå</b>		det var såvidt
<b>dibba</b>	v	trippa på føtene
<b>dilta</b>	v	småspringa
<b>dokk</b>	S, f	forseinkning i terrenget
<b>domma</b>	s,f	fint støv
<b>drolt</b>	s, m	lort, bæsj
<b>dryge</b>	adj	nesten feit, tjukk
<b>duale</b>	adv	mykje, stort
<b>dumskolt</b>	s, m	idiot, tomsing
<b>durabeleg</b>	adv	stor
<b>dått</b>	s, m	svekling, lite for seg
<b>dåve</b>	s, m	guldå (blomst)
<b>eda</b>	s,f	tro, som ein gir dyra mat i
<b>ein-alning</b>	s,f	stokk ein alen lang (63 cm)

<b>elten</b>	adj	masete
<b>eple</b>	s, n	jordeple, potet
<b>faderina</b>	int	søren og
<b>fantaskab</b>	s,n	noko lureri
<b>fanter</b>	adj	uærleg, falsk
<b>fedla</b>	s, f	felle (segmentering)
<b>fedla</b>	v	fella eit tre (segmentering)
<b>feien</b>	adj	gad, fornøyd
<b>fela/felen</b>	v, adj	vera redde, redde
<b>fela</b>	v	mangla, tom for
<b>felen</b>	adj	redd, mørkredd
<b>feen</b>	int	faen
<b>feida</b>	s, f	smelta smør, feitt
<b>feien</b>	adj	glad, fornøgd
<b>felt</b>	adv	skadefro
<b>fengja</b>	s, f	stort fang med tørt høy
<b>fenta</b>	s,f	sjuskete kvinnfolk, omreisande
<b>fesligt fine</b>		veldig fine
<b>fetl</b>	s,n	enkel tøybandasje
<b>filleveien</b>		går f.: går därleg
<b>fjedl</b>	s, n	fjell (segmentering)
<b>fjåge</b>	adj	blid
<b>floksa</b>	s,f	kvinnfolk, lett på tråden
<b>frikst (og godt)</b>	adv	friskt, kjølig; om veret, lufta
<b>frau</b>	s, f	skum
<b>fyse</b>		greitt, enkelt (det er ikkje så fyse)
<b>føre dagjen</b>		dagen før i går
<b>fåra</b>	s, f	jordriller til ha poteter på
<b>fåra</b>	s, f	furu
<b>gadn</b>	s, n	garn (segmentering)
<b>gare</b>	s, m	innhegning, avgjerdt område
<b>gaug - gaugjen</b>	s, m	gauk, gjøk
<b>gipta (seg)</b>	v	gifta seg
<b>gjera bu</b>	v	drita
<b>gleib</b>	v	ein som fer med lått og løye, negativt
<b>gnega</b>	v	knega, gnura

<b>gode bussa</b>		gode vener
<b>gorpa</b>	v	ha sure oppstøyt
<b>graps</b>	pl.	rot, avfall
<b>grese</b>	adj	ikkje tett saman, ikkje tett
<b>gropa</b>	v	hola ut f.eks. en tresko
<b>gruele</b>	adv	voldsomt, frykteleg
<b>gorpa</b>	v	rapa
<b>haien</b>	s,m	hagen
<b>hakkemaskin</b>	s, m	maskin til å dela opp kålrabi etc.
<b>harkjen</b>	adj	småforkjøla
<b>harråda</b>	adv	noko heilt vilt
<b>hasse'gai</b>	s,m	røvar, villstyring
<b>hedler</b>	s, m	heller (segmentering)
<b>hegilsteidn</b>	s,m	hard stein som kvernhuskallen sviv på
<b>hegla</b>	s, f	treklave i høysekk
<b>hela</b>	s,f	tele i jorda
<b>helste nauden</b>		ganske fåpeleg
<b>helste ringe</b>		nokså därleg
<b>hengja-heng-hikk-hinje</b>	v	henga
<b>hennesløysa</b>	s,f	noko avsindig, tullete, ufornuftig
<b>hepte</b>	s,n	skorfeste
<b>hespel</b>	s, m	bunt (med garn)
<b>hespetre</b>	s, m	garnvinne, til å laga buntar med garn
<b>hevd</b>	s,f	tørrare møkk
<b>himmel</b>	s, m	taket i overmunnen
<b>hispa</b>	s, f	Huske, disse
<b>hodda</b>	s, f	fiskeredskap (agn)
<b>hådn</b>	s, n	horn (segmentering)
<b>hôle</b>	adj	svært svolten
<b>hôlfant</b>	s, m	som aldri blir mett
<b>holk</b>	s, m	trekar til å bera melk i
<b>hôlkjerrå</b>	s,f	stuttkjerra
<b>homm</b>	s, f	dalsøkk, forsenkning
<b>homlebøle</b>	s, n	mye skrål og skrik
<b>hyppa</b>	v	laga jordfårer
<b>hyns</b>	s, f	høner

<b>hynsabêr</b>	s, n	skrubbær
<b>høge i hatten</b>		ikkje h.: skuffa, motlaus
<b>høyra jede någe</b>		høyra noko nytt
<b>høystaen</b>	s,m	stort høyrom på låven
<b>høystakk</b>	s, m	høy lagt rundt ein stokk
<b>håga, hågå</b>	s,f	hake
<b>hålt</b>	adv	glatt
<b>håvetomla</b>	adj	ør, uklar
<b>i jarrkveld</b>	prep.-ledd	i gårkveld
<b>i jår</b>	prep.-ledd	i går
<b>i kredne</b>	prep.-ledd	i krokane
<b>ikkje 'bitten</b>		ingenting
<b>inkje</b>	adv	ikkje, ingenting
<b>inkjеветта</b>	adv	ingenting
<b>jabba</b>	v	snakka utan stans
<b>jakop lebel</b>	s, n	jaques Lebel (eplesort)
<b>jedn</b>	s, n	jern (segmentering)
<b>jeidå</b>	s, f	Den lyse veden i furu og gran
<b>jesen</b>	adj	utett
<b>jillas</b>	s,m	kjærrest, kone, spøkefullt
<b>jimmer</b>	s,f	2-årig ungsau
<b>joda/jodå</b>	s, f	juv, djupt skar
<b>julbåra</b>	s,f	trillebåre
<b>jykken</b>	int	utrop, overraskelse
<b>jysken</b>	int	utrop, overraskelse
<b>kadl</b>	s, m	kvernkall
<b>kalvahaie</b>	s, m	inngjerda område for kalvar
<b>ka nauå då !</b>		det gjere ingenting !
<b>kausa</b>	v	klappa på, stryka på
<b>kave</b>	adv	travelt
<b>kjerv</b>	s, n	samanbunta fang med lauv
<b>kjitla</b>	v	killa
<b>kjerald</b>	s,n	kar
<b>kydlestu</b>	s, m	styva tre (kydla=styva)
<b>klagje</b>	s, m	tele, is, frost i jorda
<b>klamp</b>	s,m	tilhøyrer hestasele, seleball
<b>'clare</b>	adv	svært sliten, utmatta
<b>klatte</b>	adv	ugreitt
<b>klatte</b>	s,m	liten fjelltopp

<b>kleine, klene</b>	adj	dårleg, sjuk
<b>klomsen</b>	adj	klossete
<b>klunger</b>	s,m	nyperose
<b>klungevåg</b>	s, n	spindelvey
<b>knappert</b>	s, m	knollerteknapp
<b>klysa</b>	s, f	slimklump, snåttklysa
<b>knabben</b>	adj	rund, lubben
<b>knagje</b>	adv	fattigsleg, därleg råd
<b>knatte</b>	s,m	liten fjelltopp
<b>knåva</b>	v	småslåst
<b>komme</b>	s, m	kum, magasin for vatn
<b>koppalam</b>	s, n	morlaust lam
<b>korp</b>	s, m	ravn
<b>kossekalv</b>	s,m	kukalv
<b>kregdå</b>	s, f	meslingar
<b>krettur</b>	s,n	husdyr
<b>krylen</b>	adj	krumbøygd
<b>krågesølv</b>	pl.	glimmer
<b>kuong</b>	s, m	strandsnegl
<b>kvedel</b>	s, n	ullteppe, teppe, pledd
<b>kvia</b>	s, f	ungdyr ku
<b>kvia</b>	v	grua seg for
<b>kvildå</b>	s, f	kvile
<b>kvikkvarv</b>	s,f	grind-hempa
<b>kjysseber</b>	s, f	kirsebær
<b>labba</b>	v	gå, gå tungt
<b>lada atte leet</b>		lukka grinda
<b>laksakjerr</b>	s, n	fangstinnretning i elv
<b>lammalam</b>	s,n	lam fødd av fjarårlam
<b>lann</b>	s,n	urin frå dyr
<b>lann-kasse</b>	s,m	stor kasse til å kjøra ut lann i
<b>lann-komme</b>	s,m	oppsamlingsbasseng for lann
<b>lauga seg</b>	v	bada
<b>laust liv</b>		flytande avføring
<b>latsabb</b>	s, m	lat kar
<b>lega</b>	s,f	seng, liggeplass
<b>legd</b>	adv	på l. (fattigfolk som budde hos andre)
<b>leide</b>	s, n	høgdedrag, utkikksplass

<b>lemmen</b>	s,m	ope loftsrrom i bustadhus
<b>lerinden</b>	s, f	lærerinna
<b>lettlige</b>	adj	blid, lett til sinns
<b>lidevetta</b>	adv	bitte litt
<b>liggja med taben</b>		som taper i spel
<b>lortaskab</b>	s, m	dumme greie, lite gildt
<b>lurk</b>	s,m	tynnare trestokk
<b>løeborjå</b>	s,f	låvebrua
<b>løen</b>	adj	ladden, med mykje hår
<b>maiен</b>	s,m	magen
<b>meinsligt</b>	adv	dumt, kjedeligt, uheldig
<b>mikkelsber</b>	s, n	blokkebær
<b>mitting</b>	s,f	tørr naturgjødsel
<b>mjelk</b>	s,f	mjølk
<b>môn i</b>		setta pris på
<b>møssmør</b>	pl.	ost innkokt av sur melk
<b>møale</b>	adj	pysete (om person)
<b>mår, morr</b>	pl.	borebiller i treverk
<b>'na</b>	pron	henne
<b>na-na</b>		adjø
<b>nabbe</b>	s, m	liten fjelltopp
<b>nabn</b>	s,n	namn (segmentering)
<b>nadige</b>	adj	gnien, påhalden
<b>naudaskab</b>	s,n	noko dumt
<b>nauden</b>	adj	dum, fåpeleg
<b>navar</b>	s,m	liten handbor
<b>néd</b>	s, n	kink i ryggen
<b>nere nippен</b>		nære på
<b>nimme</b>	adj	nær ved
<b>nommantе</b>	adv	langt i frå, på langt nær
<b>nôн</b>	s, n	ettermiddagsmåltid, ca. kl. 4
<b>nøbe, nøben</b>	adv	tåler lite før reaksjon
<b>nøgjel</b>	s, m	nøkkel
<b>nå skine de' øve !</b>		nå går det for vidt !
<b>olstra</b>	v	snakka fort og lenge, herja på
<b>onnesols</b>	adv	nordvendt
<b>(h)omma</b>	v	bakka
<b>ommanidom</b>	adv	hulter til bulter
<b>ogn</b>	s,m	ovn

<b>oreflått</b>	s, m	flått, hantikke
<b>patte</b>	s, m	jur, bryst
<b>pigede</b>	int	søren og !
<b>piggsnodigt</b>	adv	svært merkeleg
<b>pigstodl</b>	s,m	pistol
<b>pillementa</b>	s,f	dilemma
<b>pilt</b>	s, m	penis
<b>pinnhua</b>	s, f	strikkehua
<b>pirå</b>	s, f	diaré
<b>pitlemen</b>	int	uttrykk: fekk det p. til !
<b>plistra</b>	v	plystra
<b>piskadausjen</b>	int	søren og !
<b>potla på</b>		arbeida, sakte
<b>pråm</b>	s, m	pram
<b>pråme/pråmen</b>	adj	storslått, skryten
<b>pusje/pusjen</b>	adv/adj	dårleg/svak, halvsjuk
<b>pøyk</b>	s,m	ungdom
<b>på bede</b>	prep.-ledd	fisken bit
<b>på gåd</b>	prep.ledd	fisken står klar for å gyta
<b>på hengjande håret</b>		nesten
<b>på letten</b>	prep.-ledd	oppørmt
<b>rabe</b>	s,m	skrot og skrammel
<b>raddel</b>	s,m	prating
<b>radla</b>	v	snakka, prata
<b>rageriva</b>	s, f	høyriva
<b>raklige</b>	adj	real, grei
<b>ramsjen</b>	adj	litt vondt i halsen, grugg i halsen
<b>rauaraddel</b>		tullprat
<b>raudn</b>	s,m	rogn (tre, segmentering)
<b>rein</b>	s, f	bakkekant
<b>rekiktig nauden</b>		svært tåpeleg, dum
<b>rennefág</b>	s,n	snøfokk
<b>rennesjedå</b>	s, f	diaré
<b>rensle</b>	s, n	trasé/vei i snøen
<b>ringe, ringt</b>	adj	dårleg, svak
<b>rishorv</b>	s, f	horv av greiner for å mala sundt hevda på åkeren
<b>rodå</b>	s, f	mellomrom mellom takbjelkar

<b>rongt</b>	adv	feil, gale
<b>rolsa</b>	v	vasa, tøysa, fortelja tull
<b>rolten</b>	adv	ustødig
<b>rotlen</b>	adj	uklar, åreforkalka
<b>rua</b>	s, f	fleire oppå kvarandre
<b>rusjen</b>	adj	i dårleg humør, småsur, uvel
<b>røygstova</b>	s, f	hus med røykåpning i taket
<b>rås</b>	s, f	ras (i fjellside)
<b>sabba (kar)</b>	adj	storkar, bra greier
<b>saggjen</b>	adj	1)berusa 2) trøtt, utslitt
<b>sauablom</b>	s, m	løvetann
<b>saub</b>	s,m	kjernemjølk
<b>sedane</b>	adj	påliteleg
<b>seda</b>	v	raka saman høy til såter
<b>sedestong</b>	s, f	fiskeredskap, står over natta
<b>selia</b>	v	leggja selen på hesten
<b>sibbe</b>	s,m	sau
<b>sjarre</b>	adj	redd, sky
<b>sjebeligt</b>	adv	akseptabel, anstendig
<b>sjedå</b>	s, f	laust liv, diaré
<b>sjeina</b>	v	gå skeivt, sjangla
<b>sjela</b>	v	sjå (eg sjele ikkje så godt lenger)
<b>sjere</b>	s, f	sauesaks
<b>sjittligt</b>	adv	dumt, lite kjekt
<b>sjoda</b>	v	skyta
<b>sjoge</b>	s, pl	som hesten dreg kjerra etter
<b>sjelta</b>	v	frysa så ein skjelv
<b>sjødna</b>	s, f	stjerne
<b>sjøyden</b>	adj	uforsiktig
<b>skant</b>	s, m	mal, profil
<b>skav</b>	pl	bark til dyrefôr
<b>skofla</b>	v	måka vekk jord eller møkk
<b>skoi</b>	adv	moro, kjekt
<b>skolt</b>	s, m	hode, pannebrask
<b>skokkjen</b>	s,m	ope loftstrom i uthus
<b>skutta</b>	v	skyva
<b>skrokka</b>	s, f	rynze, ripe
<b>skrubb</b>	s, m	ulv, gråbein
<b>skud</b>	s, m	tilbygg, halvtak, uthus

<b>skår</b>	S, f	ein enkel slåtteteig
<b>slass</b>	s,n	sludd
<b>slaur</b>	s, m	upåliteleg person
<b>slarven</b>	adj	slurvet
<b>slie (på flaskå)</b>	adj	drikkfeldig
<b>slamp</b>	s, m	latsabb, drikkfeldig kar
<b>slintra</b>	s, f	liten bit (kjøt-slintra)
<b>sluge</b>	adj	smart
<b>slunkjen</b>	adj	tynn, om person
<b>slåsa</b>	s, f	vits, historie
<b>smale</b>	s, pl	flokk sauер
<b>snauskolt</b>	s, m	utan hår på hovudet
<b>sniel</b>	s, m	snegl
<b>snått</b>	s, m	snue
<b>sobelime</b>	s, m	langkost med risgreiner
<b>sokkaleisten</b>	adv	gå utan sko, på s.
<b>sorpa</b>	s, f	vårt jord, øyra
<b>spage</b>	adj	ikkje redd, tam
<b>speligt</b>	adv	viktig (ikkje så speligt)
<b>spinnløye</b>	adv	ekstra rart
<b>spratla</b>	v	sparka opp, spenna med føtene
<b>spratlar</b>	s,m	høyvendar
<b>språda</b>	s, pl	delane i ei 4-tals felle
<b>spøda, spød</b>	v (s,n)	strikka, strikketøy
<b>stakkstong</b>	s, f	staur midt i høystakken
<b>starva</b>	v	døy
<b>stegla</b>	s, f	fiskeline
<b>stert</b>	s, m	hale
<b>stikkedåse</b>	s, m	fyrstikkøskja
<b>stivla</b>	s,m,pl	støvlar
<b>stomp</b>	s, m	brød, brødkive
<b>stompa sterta</b>		stupa kråka
<b>strabbe</b>	s,m	lite, tettvaksen mann
<b>stratte</b>	s,m	tynnare trestokk
<b>stikkelbersdrebar</b>		mjøldogg (brunsvert soppangrep på stikk.-bær)
<b>strippa</b>	v	dra ut dei siste dråpane frå kuspene
<b>strolk</b>	s,m	jypling

<b>strolkjen</b>	adj	som ein jypling
<b>strunkjen</b>	adj	rak i ryggen
<b>studapåse</b>	s, m	ungdyr okse
<b>styggaskab</b>	s,m	noko moralsk uakseptabelt
<b>stødl</b>	s, m	støl, seter
<b>'støre</b>	adv	glir därleg, tregt
<b>syden</b>	adj	som klagar
<b>sydesam</b>	adj	som klagar
<b>syning</b>	s, m	arbeidsleiar, småsjef
<b>sula opp</b>	v	hala inn snøret
<b>sumlen</b>	adj	svimmel
<b>svidda</b>	s, f	liten laks
<b>svinta innom</b>	v	gå innom ein snartur
<b>svodl</b>	s, m	svull, verkebyll
<b>sysjabådn</b>	s, pl	søskenborn
<b>sø</b>	pl	kraftvæske (f.eks. frå kjøtgryte)
<b>sødeple</b>	s, n	eple frå frukttrær
<b>søkkblaude</b>	adj	gjennomvåt
<b>sållesen</b>	sub	slik, på den måten
<b>ta – tege – tog - tegje</b>	v	ta
<b>tagl</b>	pl	hår frå hestehalen
<b>tapp</b>	s, m	liten gut
<b>tase</b>	s,m	svekling
<b>tasen</b>	adj	svakleg, maktar ikkje noko
<b>tassin</b>	s,m	tefat
<b>tatl/tatla</b>	s, n	sladder, tullprat
<b>te dessar</b>		inntil vidare
<b>tittjengde</b>	adv	ofte på besøk
<b>to – tonå – fleire tøe</b>	s, f	lita ops, avsats i fjell
<b>to-alning</b>	s,f	stokk to alen lang
<b>tofle</b>	pl	tresko med overlær
<b>toflebott</b>	s,m	rundstokk, emnestokk til tresko
<b>tokka seg</b>	v	flytta på seg
<b>tome</b>	s,m	tommel
<b>tonådehams</b>	s, m	hassel-klase med to nøtter
<b>toskaskab</b>	s,n	noko fåpeligt
<b>tosjen</b>	adj	dum, tosket
<b>tralt</b>	adv	arbeidsrytme

<b>trausk</b>	s,m	ugras, ofte krypsoleie
<b>trave</b>	s,m	ein tusan, ein utangje
<b>trebotn</b>	s, m	tredelen på tofle
<b>treneva</b>	adj	upraktisk
<b>tripp</b>	s, m	snartur
<b>trompa</b>	v	tvinga (til seg)
<b>trongbølt</b>	adv	bur tett saman
<b>truen</b>	adj	uthaldande
<b>tråskål</b>	s,f	dørstokk
<b>tullerusk</b>	adv	gal, ør, heilt vekke
<b>tusan</b>	s,m	vaksen person som gjer galne ting
<b>tust (tusk)</b>	s, m	treskereidskap
<b>totlen</b>	adj	tullete, uklar
<b>tvara</b>	s, f	treredskap (til å røra i maten med)
<b>tvetta</b>	s,f	oppvaskfilla
<b>tvinta</b>	v	snofla
<b>tydebêr</b>	s, n	tyttebær
<b>tylten</b>	adj	ustø
<b>tytta/tyttå</b>	s,f	ungjente, neg. lada
<b>tøa</b>	s,f	2. slått, hå
<b>tågå</b>	s,f	tak på hus
<b>udkråben</b>	adj	lur
<b>u drege på någe</b>		ho helde på å bli forkjøla
<b>ujilt</b>	adv	lite kjekt, dumt
<b>ukjuren</b>	adv	barn, ungdom som gjer ting han ikkje har lov til
<b>u skulte</b>		ho underviste
<b>utangje</b>	s,m	ein som gjer ting han ikkje har lov til
<b>uvislig</b>	adj	ulydig
<b>va</b>	s, n	stad ein går over elva
<b>vadmål</b>	s, n	grovt ulltøy
<b>vanne</b>	adj	kresen
<b>vare</b>	adv	bli v, oppmerksom på
<b>vasekopp</b>	s, m	tullebukk, som vasar vekk tida
<b>vaudl</b>	s,m	slaps
<b>veala</b>	s, n	vedla

<b>vela ud/vela te</b>	v	ordna
<b>vevkjering</b>	s, f	edderkopp
<b>vesaligt</b>	adv	smått, skrøpeleg
<b>vindbørså</b>	s,f	det å fisa
<b>vindskid</b>	adv	luft i magen
<b>vise</b>	s, f	spire på poteter
<b>vislig</b>	adj	lydig
<b>visse'te</b>	sub	dersom
<b>vitne</b>	pl	to steinar ved sida av skiftestein
<b>vom-i-skinn</b>	adj	sjukdom på husdyr: Magesekken sprekk og sig ut i bukhola (brokk)
<b>vårbær</b>	adv	ku som skal kalva om våren
<b>øveferå</b>	s, f	influensa, smittsom forkjølelse
<b>øvezidde</b>	adj	forbausa
<b>øvestøing/støing</b>	s, m	laks som overvintar i elva
<b>øyg</b>	s, m	hest
<b>å</b>	s, f	elv (ei å, ånå)
<b>ådr</b>	s, n	masete kvinnfolk
<b>åg</b>	s, n	vassele
<b>ågla</b>	s,n	ankel
<b>ålboie</b>	s,m	albue
<b>ålakjerr</b>	S, n	kasse til å fanga ål i
<b>åleide</b>	adv	trøttsamt, tungt, masete
<b>i ålveltå</b>	prep.-ledd	miste balansen i bratt bakke